

Øyrane Eigedom AS

► **Detaljreguleringsplan Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg**

Planomtale

Planid.: 4647-20230001

Oppdragsnr.: 52204931 Dokumentnr.: 001 Versjon: J03 Dato: 2024-10-07



Oppdragsgjevar: Øyrane Eigedom AS
Oppdragsgjevars kontaktperson: Leif Arne Åsen
Rådgjevar Norconsult Norge AS, Fjellvegen 11, NO-6800 Førde
Oppdragsleiari: Johannes Henrik Myrmel
Fagansvarleg: Johannes Henrik Myrmel
Andre nøkkelpersonar: Ingrid Høvik og Ane Marie Gjerland

J03	2024-10-07	Justert etter tilbakemelding frå planadministrasjonen.	AnMGj		
J02	2023-11-01	For bruk.	AnMGj	JoHM	JoHM
A01	2023-10-31	Disposisjon og innhald.	AnMGj		
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram i oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

► Forord

Norconsult AS har på oppdrag frå Øyrane Eigedom AS utarbeidd detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg langs veg Øyrane i Førde. Planområdet femnar om eigedomane gnr. 21, bnr. 37 og 591 med alle tilgrensande eigedomar på Ytre Øyrane.

Formålet med planarbeidet er å detaljregulere køyrevegen Øyrane inkludert løysing for gåande og syklande langs sørsida av vegen.

Planarbeidet byggjer opp om arealbruken i kommuneplanen og områdereguleringsplanen Ytre Øyrane. Arbeidet er vurdert til å ikkje verte fanga opp av verkeområdet til forskrift om konsekvensutgreiingar.

Planen femnar om:

- Detaljreguleringsplan med tilhøyrande planføresegner i samsvar med § 12-3 i plan- og bygningslova.
- Planomtale som klargjer mål, prinsipp og planen sine vesentlege verknadar i forhold til miljø, samfunn og røyrde partar, interesser og omsyn i samsvar med § 4-2 i plan- og bygningslova.
- Risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningslova. Resultata/funna i ROS-analysen er summert opp i kapittel 5.1 i denne omtala, og har gjeve føringar for utforming av planframlegget.

Plankartet er utarbeidd i Focus arealplan og kan eksporterast til SOSI-nivå 4.5, teikn. nr 52204931-001. Planomtala og planføresegnene er utarbeidd i Word.

I Norconsult AS har arealplanleggar Johannes Henrik Myrmel og Ane Marie Gjerland gjennomført planarbeidet. Ingrid Høvik har utarbeidd teikningar i arbeidet med utarbeiding av planframlegget. Leif Arne Åsen i Øyrane Eigedom AS har vore kontaktperson mot oppdragsgjevar.

Innhold

1	Innleiing	6
1.1	Avgrensing av planområdet	6
1.2	Forslagsstillar si grunngjeving for valt løysing	6
1.3	Dagens situasjon	7
1.4	Bindingar til pågåande planarbeid – trinnvis utvikling av arealbruken	8
1.5	Kort om prosessen	8
2	Planstatus og rammer for planarbeidet	10
2.1	Nasjonale forventningar	10
2.2	Regionale føringar	10
2.3	Lokale føringar	10
2.4	Kommuneplan – arealdelen	10
2.5	Reguleringsplan	10
3	Planframlegget	12
3.1	Byggetomtene	13
3.2	Geometriske krav	13
3.3	Veg (Øyrane vegen)	13
3.4	Gang- /sykkelveg	13
3.5	Kryss og avkøyrslar	14
3.6	Kablar og leidningar	14
3.7	Grøntstruktur	15
3.8	Omsynssoner	15
3.8.1	<i>Frisikt [H140]</i>	15
3.8.2	<i>Flaum – stormflo [320]</i>	15
3.8.3	<i>Anna fare – forureining</i>	15
3.9	Arealbruk	16
4	Verknadar av planframlegget	17
4.1	Overordna føringar	17
4.2	Utbyggingsmønsteret og byggetomter	17
4.3	Gang- og sykkeltrafikk	18
4.4	Landskap	18
4.5	Kulturminne	18
4.6	Naturmangfald	18
4.7	Vassressursar og vassmiljø	19
4.8	Ureining – støy	19
4.9	Nærmiljø og friluftsliv	19
4.10	Universell utforming	19

4.11	Teknisk infrastruktur	20
5	Verknader mot omsyn og føringar for planarbeidet	21
5.1	Risiko og sårbarheit	21
5.2	Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova	21
5.3	Lokale utviklingsmål nedfelt i kommunale planer	22
5.4	Økonomiske konsekvensar	22
6	Merknader til varsel om oppstart	23


1 Innleiing

Norconsult har på oppdrag frå Øyrane Eigedom AS utarbeidd detaljreguleringsplan for Ytre Øyrane, gang- og sykkelveg. Planområdet femnar om eigedomane gnr. 21, bnr. 37, mindre delar av eigedomane 305, 591 og 648 med tilgrensande areal langs veg Øyrane i Sunnfjord kommune. Området er del av arealet ved og langs veg Øyrane og er på nær 25 daa. Planområdet inngår i vedteken områderegeringsplan for Ytre Øyrane (Plan-id.: 4647-143220130001).

1.1 Avgrensing av planområdet

Planområdet er lokalisert på Ytre Øyrane langs veg Øyrane og sørover mot Jølstra. Figur 1.1 syner planområdet si avgrensing og plassering.

Området grensar i aust mot tiltak 20 i Førdepakken. Koplinga vidare mot Rv. 5 vil når den er ferdigstilt bli del av planen for tiltak 20.



Figur 1.1: Grunnleggsplan som syner planområdet si avgrensing og plassering med svart stipla linje.

Planen legg rammer for etablering av gang-/sykkelsamband mellom Rv. 5 og Ytre Øyrane. Planen regulerer sideareala langs vegen til grøntområde/park, tenesteyting og næring i samsvar med føringane i vedteken områderegeringsplan.

Målet med planarbeidet er å legge til rette for ei trafikktrygg løysing for mjuke trafikantar mellom Rv. 5 og Ytre Øyrane. Framlegg til løysing tek omsyn til framkoma langs vegen, gjev få kryssingar av sidevegane mot nord og legg til rette for gode opplevingskvalitetar for brukarane, samtidig som trea langs veg Øyrane vest for der tiltak 20 kryssar Jølstra kan bestå.

1.2 Forslagsstillar si grunngjeving for valt løysing

Gang-/sykkelvegen vil bidra til tryggare og betre framkomme for fotgjengarar/sykkelistar i eit bilbasert område med ein relativt høg del tungtrafikk.

I vedteken områdeplan for Ytre Øyrane (plan-id.: 143220130001) er det lagt opp til ei løysing med dobbeltsidig fortau og sykkelanlegg på nordsida av veg Øyrane.

Ved oppstart av planarbeidet blei det utarbeidd eit moglegheitsstudie der tre alternative ruter for gåande og syklande blei vurdert opp i mot kvarandre (alternativ A, B og C). I studien blei utfordringar ved gjeldande regulering, framtidig behov for gåande og syklande, attraktivitet og prinsipp for løysing vurdert. I moglegheitsstudia blei alternativet som vert regulert i dette planframlegget, (alternativ A) vurdert som det beste alternativet slik situasjonen er i dag. For nærmare gjennomgang av vurderte alternativ, vert det synt til moglegheitsstudia¹ som danna grunnlag for planarbeidet. I samråd med kommunen har ein kome fram til at det er alternativ A som skal leggst til grunn som prinsipp i planen. Løysinga inneber at eksisterande turveg som er regulert/etablert mellom veg Øyrane og Jølstra, vert noko breidda samtidig som den får heva standard med ei asfaltert breidd på inntil 3,0 meter.

Tiltaka/arealbruken som planen leggje til rette for, er:

- Felles gang- og sykkelveg på sørsida av veg Øyrane.
- Areal avsett til næring og tenesteyting på nordsida.
- Vidareføring av grønstruktur/park på sørsida av veg Øyrane (mot Jølstra).

1.3 Dagens situasjon

Planområdet er lokalisert på sandige fyllmassar, på ei fylling av tidlegare elveavsetningar. Terrenget er relativt flatt, med unntak av sjølve skråning ned mot Jølstra. Elveskråninga er frå før av plastra med stein.

Flyfoto frå 1965 viser at fyllmassane som ligg der i dag, ligg på ei elve-/deltaavsetning.



Figur 1.4: Ortofoto til venstre frå 1965 syner elveavsetninga. Figuren til høgre syner dagens situasjon (Kjelde: Norge i Bilder).

¹ Muligheter for tilrettelegging for gående og syklende til Ytre Øyrane i Førde, Norconsult (2022).

Kvalitetar:

- Kulturminne og kulturmiljø: Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø.
- Landskap: Området er lokalisert på eit utfylt elvedelta mellom Førdefjorden og elva Jølstra i eit område som i stor grad er prega av industri og arealkrevjande næring. Området er på same måte som store delar av randsona til sentrum mot fjorden, prega av industri. Både bygg og installasjonar vender seg mot fjorden og er godt synleg på avstand. Mellom bygga/installasjonane er det store opne asfalterte flater. Området si lokalisering langs Jølstra, gjev god visuell kontakt både med elva og fjorden.
- Nærmiljø og friluftsliv: Det er i hovudsak industri/produksjon og areal-/transportkrevjande verksemdar i området. Området ligg fint til langs elva.
- Naturmiljø: Det er registrert fleire raudlista fugleartar ved eit samlelokalitet like sør for planområdet. Dei registrerte artane femnar om havelle (NT), storspove (EN), gråmåke (VU), sandsvale (VU), hettemåke (CN), fiskemåke (VU), storskarv (NT), svartbak (LC) og bergirisk (LC). Det er ikkje kjent at nokon av artane hekkar innanfor området. Ved to andre lokasjonar rett sørvest og vest for planområdet er karplantane klustersvineblom (SE), stilkvasshår (EN) og nordflaggermus (VU) registrert. Klustersvineblom (SE) er ein framand art kategorisert med svært høg risiko.
- Naturressursar: Ingen naturressursar er registrert på land.

Vegnettet på Ytre Øyrane har karakter av å vere tilkomstveg til industriområdet. På sørsida av veg Øyrane er det etablert tursti. På nordsida av veg Øyrane er trafikkareala utflytande som følgje av dårleg definerte avkøyrslar til byggetomtene og store asfalterte flater utan eit klart skilje mellom areal til ulike funksjonar/trafikantergrupper.

1.4 Bindingar til pågåande planarbeid – trinnvis utvikling av arealbruken

Tiltak 20 i Førdepakken omfattar ei samankopling mellom Halbrendssøyra og Øyrane, med ny bru over Jølstra. På Øyrane vil brua kople seg på den eksisterande kommunale vegen Øyrane vidare mot rundkøyringa på Rv 5. Planen for tiltak 20 i Førdepakken vil regulere ny løysing frå møte mellom over brukryssinga Jølstra og veg Øyrane samt vidare til Rv. 5 i aust.

På vegstrekninga der Førdepakken jobbar med plan for tiltak 20, vil planframlegget regulere ein mellombels arealbruk i påvente av at kommunen vedtek reguleringsplanen for tiltak 20.

1.5 Kort om prosessen

Det er gjennomført oppstartmøte med kommunen samt fleire undervegs møter, både med kommunen for avklaring knytt til val av alternativ/løysing og for å finne fram til ei formålstenleg grense mellom planarbeidet og planen for tiltak 20 i Førdepakken.

I oppstartmøtet vart det avklara at planarbeidet ikkje vert fanga opp av verkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar. Gjennom varsel om oppstart og innkomne uttaler til varselet er det ikkje kome fram supplerande informasjon som endrar konklusjonen. Framleggsstillar si vurdering følgde av eige notat som vedlegg til varsel om oppstart av planarbeidet.

I oppstartmøtet vart det særskilt trekt fram at det gjennom planarbeidet måtte rettast fokus mot; trafikk og tilgjenge for mjuke trafikantar, kollektivløysing og trafikktryggleik. I tillegg vart det trekt fram at følgjande omsyn måtte omtalast; biologisk mangfald, grønstruktur, friluftsliv, terrengbehandling og massebalanse, born og unge sine interesser, risiko og sårbarheit, samfunnstryggleik, geotekniske tilhøve, flaum, vatn og avlaup, handtering av overvatn, vassdrag, status i vassdirektivet, økonomiske konsekvensar for kommunen og ev. overtaking av tekniske anlegg.

Ovannemnde er svart ut gjennom omtala av dagens situasjon i kap. 1.3, skildringa av planframlegget i kap. 3 og omtala av verknadane av planen i kap. 4 og 5.

Merknadane til varsel om oppstart er kort summert opp og kommentert i kapittel 6.

2 Planstatus og rammer for planarbeidet

Det er gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå i tillegg til dei konkrete føringane som kommunen har trekt opp for planarbeidet.

Det overordna lokale plangrunnlaget er:

- Kommuneplanen for Sunnfjord kommune – Samfunnsdelen
- Kommuneplanen sin arealdel 2024-2035
- Områdereguleringsplan for Ytre Øyrane

2.1 Nasjonale forventningar

Det ligg føre ei rekkje sentrale føringar som er klarlagt i ulike stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer og statlege planretningslinjer. Desse femnar om ulike nasjonale og regionale mål, bl.a. med omsyn til berekraftig areal- og samfunnsutvikling samt attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområder.

Nye nasjonale forventningar vart vedteke 20. juni 2023. Forventingane trekk særskilt fram dei fem overordna perspektiva i 2030-agendaen, sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, samfunnstryggleik, beredskap og samarbeid. I tillegg er det retta fokus mot forventningar om effektive planprosessar og tilrettelegging, m.a. for å lukkast med sosial og geografisk omfordeling, grøn omstilling og auka berekraftig verdiskaping.

2.2 Regionale føringar

I tillegg til ovannemnde nasjonale føringar ligg det føre ei rekkje regionale føringar som er klarlagt i ulike planar. Sentrale tema er bl.a. folkehelse, oppvekst, klima, arealbruk og samfunnstryggleik.

2.3 Lokale føringar

Samfunnsdelen med dei overordna strategiane for utvikling, arealdelen samt ei rekkje temaplanar dreg opp føringar som påverkar arbeidet.


2.4 Kommuneplan – arealdelen

Kommuneplanen legg dei overordna føringane for utvikling av arealbruken. I kommuneplanen er området avsett til noverande næringsverksemd (NÆ), kombinert bebyggelse og anleggsformål (BKA) og friområde (FRI). Veg Øyrane er avsett til noverande samleveg med linjer for gang- og sykkelveg på delar av strekninga.

Det følgjer ikkje av kommuneplanen særskilte føresegrer som omhandlar krav til utforming/opparbeiding av veg Øyrane, inkl. langsgåande linjer for gang- og sykkelveg.

2.5 Reguleringsplan

Det er utarbeidd områdereguleringsplan for Ytre Øyrane samt to nyare detaljreguleringsplanar der vegen er regulert. Områdereguleringsplanen blei vedteken 26. oktober 2018 og omfattar Ytre Øyrane, frå fjorden i vest til gangvegen langs Rv.5 i aust. I planen er byggeområda sett av til næring/tenesteyting, medan veg Øyrane med tilhøyrande sideareal er avsett til køyreveg, fortau, sykkelanlegg, turveg, friområde og annen veggrunn. Sjå utsnitt av områdereguleringsplanen for Ytre Øyrane i figur 2.2.




Figur 2.1: Utsnitt av områdereguleringsplanen for Ytre Øyrane (plan.id.:20130001), vedteken av bystyret den 26. oktober 2018.

3 Planframlegget

Planen regulerer del av veg Øyrane og legg rammer for etablering av permanent gang- og sykkelamband langs sørsida av veg Øyrane og på delar av nordsida av veg Øyrane nærmast Rv.5.

I aust er veglinja i hovudsak vidareført frå eksisterande situasjon. Utforminga av gang- og sykkelvegen er gjort på bakgrunn av ei innleiande alternativsvurdering der fordelane og ulempene ved tre ulike gang- og sykkelssystem blei nærmare vurdert. Løysinga i planen tek utgangspunkt i valt alternativ (alternativ A), gjort i samråd med kommunen.



Figur 3.1: Figuren syner hovudprinsippet for utforming av den austlege delen av gang- og sykkelvegen på Ytre Øyrane. Ei lengre delstrekke er føresett etablert med grøntbatt mot gang- og sykkelvegen for å sikre tilstrekkeleg plass til trea som står mellom Jølstra og veg Øyrane i dag. Punkta for tilrettelagt kryssing er synt i vedlagt detaljteikning E10 og E11.

Etter dialog med Førdepakken som planlegg gjennomføring av tiltak 20 i Førdepakken, er planframlegget føresett å knyte seg til planlagt samband mellom Halbrendøyra og Øyrane. Planframlegget regulerer likevel veg Øyrane med tilhøyrande gang- og sykkelamband frå Ytre Øyrane til Rv. 5. Når planen for tiltak 20 vert vedteken vil den erstatte planframlegget mellom planlagt bru mellom Halbrendøyra og Rv. 5.



Figur 3.2: Figuren syner hovudprinsippet for utforming av gang- og sykkelvegen langs veg Øyrane. Punkta for tilrettelagt kryssing er synt i vedlagt detaljteikning E10 og E11.

Lengst vest i planområdet er veg Øyrane justert noko mot nordaust samanlikna med regulert veg i gjeldande områdeplan for Ytre Øyrane. Vidare er den vestlege delen av vegen regulert med langsgåande fortau med mål om å avgrense inngrepet på eigedomane som ligg på sørsida av vegen.

For å sikre at vegsystema som skal gje mjuke trafikantar tilgang til områda på Ytre Øyrane kan tilpassast eit endra/auka behov i framtida, er det lagt inn føresegnområde (#1 og #2) på delar av nord- og sørsida av veg Øyrane. Føresegnområdet i sør gjeld eigedomen 21/243, og tryggjer at langsgåande fortau mot Rv. 5 kan utvidast frå 2,5 meter til 3,0 meter.

I nord sikrar føresegna at arealet langs veg Øyrane at det ikkje vert gjennomført tiltak som vil gjere vanskeleg etablering av fortau og sykkelanlegg langs veg Øyrane.


3.1 Byggetomtene

Byggetomtene som er del av planområdet på nordsida av veg Øyrane er føresett nytta til utbyggingsføre mål i samsvar med gjeldande plan. Føresegnområdet avgrensar bruken av arealet til tiltak som vil kunne gjere vanskeleg etablering av fortau og sykkelanlegg langs veg Øyrane i framtida. Noverande eigedomstilhøve er vist i plankartet. Regulert løysing legg ikkje opp til endringar i eigedomsstrukturen innanfor dei regulerte byggetomtene.

3.2 Geometriske krav

Gang- og sykkelvegen er dimensjonert med ei breidde på 3,0 meter med grøntrabatt mellom veg Øyrane og gang- og sykkelvegen. Lengst vest i planområdet er sambandet for mjuke trafikantar regulert som fortau langs vegen med ei breidd på 3,0 meter.

Nærmast Rv. 5 i aust er breidda på fortauet videreført frå gjeldande plan med ei breidd på 2,5 meter. Føresegnområde #2 sikrar at fortauet kan utvidast med 0,5 meter i framtida.



Figur 3.3: Syner overgangen mellom gang- og sykkelvegen og fortauet lengst vest i planområdet. Veglinja er føreslått justert mot nordaust og grøntområda på vestsida av veg Øyrane er sikra ved å innsnevre gatetverrsnittet.

I overgangen mellom gang- og sykkelveg og fortau er det føresett at fortauet skal ha nivåskille mot veg Øyrane for å sikre at bilar ikkje trafikkerer arealet avsett til gåande og syklande.

3.3 Veg (Øyrane vegen)

Veg Øyrane er regulert med ei køyrefeltbreidde på 6,5 meter (tilkomstveg til næringsområde) med breiddeutviding i kurver og følgjer fram til profil 600 senterlinja til eksisterande veg. Lengst vest ca. frå profil 600 til 990 er køyrevegen forskyvd med om lag ei køyrefeltbreidde mot nordaust samanlikna med gjeldande regulert veg. I kurver med radius mindre enn 500 meter er breiddeutviding for buss lagt til i veggbreidda. Framlegg til løysing i planen påverkar ikkje regulerte løysingar som legg til rette for kollektivtrafikk/buss.

Det er på vegen lagt til grunn ein dimensjonerande fart på 40 km/t. Skilta fart i dag er 30 km/t.

3.4 Gang- /sykkelveg

Det er frå før av etablert ein asfaltert tursti langs sørsida av veg Øyrane. Planframlegget legg til rette for ei utbetring av eksisterande tursti, med ei regulert breidde på til 3,0 meter.


Ved å legge sambandet på sørsida av veg Øyrane bidreg løysinga til god trafikkflyt der ein unngår kryssing av fire tilkomstvegar, eksisterande tre på nordsida av vegen kan takast i vare og gåande og syklande kan i større grad få glede av opplevingskvalitetane langs elva Jølstra.

I tillegg legg valt løysing til rette for at eigedomane avsett til utbyggingsføremål på nordsida av vegen vert skåna for inngrep og at eksisterande tre på nordsida kan takast i vare/vidareførast.

Figur 3.2, 3.3 og 3.4 syner hovudprinsippa for utforming av gang- og sykkelvegen.

Sør

Nord



Figur 3.4: Figuren syner prinsippet for utforming av gang- og sykkelvegen langs veg Øyrane.

Anlegget er/blir lagt på noverande terreng, og gjennomføring gjev tilnærma massebalanse.

3.5 Kryss og avkøyrslar

Det er regulert inn 4 kryss dimensjonert for store køyretøy og fleire avkøyrslar i planen. Mot dei nordgåande vegane Firdavegen, Flovegen og Fjærevegen er vegen utforma med avkøyrslar og tilrettelagt kryssing for mjuke trafikantar. Avkøyrslene er synt med piler i plankartet og ligg om lag der dei ligg i dag.

3.6 Kablar og leidningar

Det er mange kommunale vass- og avlaupsleidningar innafor planområdet. Desse ligg i hovudsak i veg Øyrane. Det er òg etablert EL-kablar og fiber i området.

3.7 Grøntstruktur

For at flest mogleg skal velje å gå eller å bruke sykkel som transportmiddel er det dokumentert at faktorar som tilrettelegging og trygghet er viktige føresetnader. Vidare vil opplevd effektivitet og opplevingar langs reisa vere viktig, avhengig av formålet med reisa.

Planområdet sin nærleik til Jølstra og grøntstrukturen langs elva har vore viktig å ta i vare både av omsyn til opplevingskvalitet langs vegen, men òg for å sikre ei viss skjerming frå vegen gjennom bevaring av trerekka langs vegen som har ein stor del tungtrafikk.

Det er no etablert ein asfaltert tursti mellom veg Øyrane og Jølstra. Denne er etablert på utsida av trea som er planta langs vegen, med mål om å oppretthalde vegetasjon i området som er viktig for det biologiske mangfaldet. Grepet har vore viktig å vidareføre i planen som er utarbeidd med mål om å etablere ei permanent løysing for mjuke trafikantar.

Langs delar av nordsida på veg Øyrane er det lagt inn areal avsett til grønstruktur der det frå før av er etablert slike areal.



Figur 3.5: Syner trerekka langs veg Øyrane og gang-/sykkelvegen langs elva Jølstra til høgre.

3.8 Omsynssoner

Det er i planframlegget sett av omsynssone for friskt, flaum - stormflo og ureining.

3.8.1 Friskt [H140]

Krav til friskt er lagt inn i planen. Sonene har til formål å sikre tilstrekkeleg sikt. Siktsonene er 6 x 36 meter i kryss og 4 x 30 meter i avkøyrslar. Det er òg lagt inn frisktlinjer mot areala avsett til fortau på nordsida av vegen. Desse er 3 x 30 meter i avkøyrslar og 4 x 30 meter i kryss.

3.8.2 Flaum – stormflo [320]

Flaumsone/stormflo er synt som omsynssone H320. Sona femnar om faresone med klimajustering (2090) med (F2) 200-års returintervall.

I føresegnene er det krav om at teknisk infrastruktur etablert lågare enn kote +2,5 må tole vatn eller oppførast i vasssett konstruksjon.

3.8.3 Anna fare – forureining

Det vart i 2018/2019 kartlagt eitt punkt (sørvest for stållageret) med nikkelverdiar i tiltaksklasse 4. Tiltaksklasse 3 eller betre skal ivaretakast for fleire av formåla som fell innanfor tenesteyting.

For å ivareta myndigheitskrav i høve forureining, er omsynssona 390 i områdereuleringsplanen for Ytre Øyrane vidareført. Ved ev. tiltak der myndigheitskrav ikkje er ivareteke, følgjer det av føresegnene at det er

krav om tiltaksplan saman med søknad om gjennomføring av tiltak.

3.9 Arealbruk

Tabell 3.2: Oversikt over arealbruk og areal. Omsynssoner er ikkje tekne med i arealoversikta.

Hovudformål	Formål	Areal
Bygningar og anlegg	Næring/tenesteyting	4,2 daa
	Angitt bebyggelse og anleggsformål kombinert med andre angitte hovedformål	0,4 daa
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Køyreveg	9,3 daa
	Fortau	1,0 daa
	Gang-/sykkelveg	3,0 daa
	Annen veggrunn – grøntareal	3,2 daa
	Parkeringshus-/anlegg	
Grøntstruktur	Friområde	3,2 daa
Totalt		24,4 daa

4 Verknadar av planframlegget


4.1 Overordna føringar

Planområdet ligg innanfor avgrensinga til områdereguleringsplanen for Ytre Øyrane, vedteken i 2018. Arealbruken byggjer opp om mål og noverande bruk av området. Planen legg òg opp til at utbyggingspotensialet som følgjer av områdereguleringsplanen kan realiserast.

Vurderingane er gjort med utgangspunkt i synfaring, informasjon motteke til varsel om oppstart, frå kommunen samt informasjon som er tilgjengeleg i nasjonale databasar med stadfesta informasjon.

4.2 Utbyggingsmønsteret og byggetomter

Byggetomta femnar om eigedom gnr. 21, bnr. 37, mindre delar av eigedomane langs veg Øyrane og del av gnr. 21, bnr. 305 og 648 i Sunnfjord kommune. Gjennomføring føreset endring av tomtegrensene mot regulert samferdsleanlegg, der veganlegga i områdereguleringsplan for høvesvis Indre Øyrane og Ytre Øyrane ikkje er gjennomført.




Figur 4.1: Syner planframlegget med blå linjer over gjeldande plan i området mot Rv. 5.

Nærmast Rv. 5 er planframlegget i stor grad samanfalle med gjeldande plan.

Den samanhengande løysinga for gåande og syklande er regulert både på nord- og sørsida fram til og med Firdavegen. Frå Firdavegen og vidare vestover er regulert fortau og sykkelanlegg på nordsida teke ut. Løysinga for gåande og syklande på sørsida av veg Øyrane skil seg i same område frå vegen slik at trerekka mot vegen si sørsida kan vidareførast. Grepet inneber at gang- og sykkelvegen vert liggande i eit område som i områdeplanen er avsett til friområde, men på same plass og eigedom som det frå før av er etablert tursti.

Frå Firdavegen og vidare vestover er areala på nordsida av veg Øyrane føreslått avsett til annan veggrunn.

Frå profil 450 (langs gbnr. 21/319 og 21/408) er veg Øyrane føreslått forskyvd ei køyrefeltbreidde mot nordaust, før den treff sentrelinja i detaljreguleringsplanen for Ytre Øyrane att i nord.



Figur 4.1: Syner planframlegget med blå linjer over gjeldande plan i området mot Rv. 5.

4.3 Gang- og sykkeltrafikk

Tiltaket vil betre framkoma og sikkerheita for gåande og syklande. Terrenget er flatt og difor godt tilrettelagt for bruk av sykkel til og frå Ytre Øyrane.

4.4 Landskap

Planområdet er lokalisert på Ytre Øyrane, langs elva Jølstra ved utløpet til Førdefjorden. Areal nord for planområdet er i stor grad nytta til industri og arealkrevjande næring. Utbyggingsområdet femnar om delar av veg Øyrane med tilgrensande areal på nord- og sørsida av vegen. Areal i nord består i stor grad av smale striper med grøntrabattar og areal nytta til parkering og tilkomst til eigedomane. På sørsida av vegen er det etablert langsgåande tre og ein tursti langs elva. Denne er etablert med grøntrabatt mellom stien og veg Øyrane for å oppretthalde trealléen langs veg Øyrane. På sørsida av gang-/sykkelvegen er delar av kantvegetasjonen langs Jølstra teke med som del av planområdet. Planen legg ikkje til rette for at det skal gjerast tiltak i området som grensar mot elva med tilhøyrande kantvegetasjon.

Planen er vurdert til å bidra til å gjere området meir tilgjengeleg og attraktivt for gåande og syklande gjennom etablering av gang- og sykkelveg.

4.5 Kulturminne

Området er frå før av bygd ut. Reguleringsplanen kjem ikkje i direkte konflikt med kulturminne.

4.6 Naturmangfald

Elveløpet på strekka forbi planområdet er registrert som *bløtbunnsområde* i strandsona med verdi viktig.

I artsdatabanken sitt artskart er det ikkje registrert trua arta i influensområdet for tiltaket med unntak av overflygande fugl.

Det er registrert nokre trua fugleartar. Det gjeld bl.a. havelle, storspove og vipe. Ingen av desse artane har funksjonsområde i tiltaksområdet. Område vert ikkje vurdert å ha vesentleg verdi for fugl og pattedyr.

Det er ikkje gjort registreringar av verdifulle karplanter ut over vanlege artar i området. Gjennom vekstsesongen vert grøntbeltet mellom veg Øyrane og erosjonssikringa som avgrensar elveløpet slått.

Det er ikkje registrert svartelista artar innanfor området. Nærmaste lokasjon ligg om lag 30 meter i frå planområdet og er karplanten klustersvineblom (CE).

Jølstra er anadrom og fører både sjøaure og laks i tillegg til ål. Sjølve planområdet på Ytre Øyrane er lokalisert svært lågt i terrenget og det er rimeleg å legge til grunn at botnvatn tidvis er påverka av sjøvatn. Slike område er verdfulle for smolt av sjøaure og laks der dei tilpassar seg salint vatn før dei går vidare ut i fjordar og hav.

Førdefjorden og delar av utløpet til Jølstra er del av den nasjonale laksefjorden. Området grensar ikkje direkte til fjorden, men grensar til utløpet frå Jølstra. Nasjonale laksefjorder er underlagt eit regime som skal ta vare på vill laksefisk. Beskyttelsesregimet regulerer i hovudsak akvakulturverksemd samt verksemd med risiko for alvorleg forureining i fjordsystemet. Tiltaka som planen legg til rett for kjem ikkje innanfor regimet som skal ta vare på Førdefjorden som nasjonal laksefjord.

Grøntstruktur langs vassdrag er viktig for småpattedyr og fugl som nyttar desse produktive områda, både til opphaldsstadar og til ferdsl. Området er òg viktig for anadrom fisk som kjem og ventar på at vassføringa, temperaturen og lyset skal vere rett før vidare oppgang i vassdraget tek til.

Nedre del av Jølstra sør for planområdet er del av Førdefjorden – Indre, regionalt viktig gytefelt for torsk. Gytefeltet er gjeve verdi 5. Elva er ikkje registrert som oppvekst-, eller beiteområde.

4.7 Vassressursar og vassmiljø

Den økologiske tilstanden til Jølstra er i følgje *Vann-nett* klassifisert som god. Målet for vassførekomsten er god miljøtistand. Alle myndigheitskrav er føresett ivareteke, samt at vassressursane og vassmiljøet ikkje vert negativt påverka.

4.8 Ureining – støy

Planen regulerer samferdselanlegg inkl. løysing for gåande og syklende. Det er i planen ikkje lagt til rette for tiltak som er venta å påverke støynivået i området. Omsynet til støy er føresett ivareteke, ism. tilrådingane i T1442/2021.

4.9 Nærmiljø og friluftsliv

Veganlegget er regulert med tilhøyrande gang- og sykkelveg. Vidareutvikling av anlegga vil bidra til å gjere området meir attraktivt og betre tilgjengeleg særleg for gåande og syklende. Saman med det andre gang-/sykkelvegnettet i Førde vil tiltaka som planen opnar for bidra til å betre tilhøva for kvardagsfysisk aktivitet/folkehelse.

4.10 Universell utforming

Krava til tilgjenge følgjer av § 8-2 i TEK17. Løysingane i planen er føresett å ivareta krav i teknisk forskrift til plan- og bygningslova. Dei faktiske konsekvensane vil vere avhengige av løysingar som vert valt gjennom detaljprosjektering.

4.11 Teknisk infrastruktur

Veg Øyrane med gang- og sykkelveg vil verte etablert med belysning. Vegen er kommunal og skal difor driftast og haldast ved like av kommunen etter opparbeiding. Det er ikkje planlagt tiltak som vil påverke behovet for vatn, avlaup eller brannvassforsyning.

Overflatevatn skal ivaretakast ism. føringar i kommunen si norm. Omsynet er føresett dokumentert og ivareteke gjennom dei ordinære søknadsrutinane ved gjennomføring av tiltak.

Alle myndigheitskrav er føresett ivareteke. Tiltaka som planen opnar for skal ikkje gje endra påverknad på omgjevnadene, ut over det som er ei direkte følgje av klimaendringar.

5 Verknader mot omsyn og føringar for planarbeidet

5.1 Risiko og sårbarheit

Planframlegget er tiltaksretta. Arealbruken i planframlegget er avgrensa til køyreveg, gang-/sykkelveg, annan vegg grunn og friområde.

Planområdet står med dei tiltaka som er skildra i planframlegget, fram som lite sårbart.

Det er gjennomført ein innleiande fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering av dei temaa som gjennom fareidentifikasjonen stod fram som relevante. Følgjande farar er vurdert:

1. Brann- og eksplosjonsfare
2. Kjemikalieutslepp – større utslepp av ammoniakk
3. Grunntilhøve – området er lokalisert under marin grense
4. Flaum, stormflo og ekstremnedbør - handtering av overflatevatn
5. Trafikktryggleik

Sårbarheitsanalysen avdekte ikkje behov for å gå vidare og gjennomføre ei risikovurdering av hendingar.

Gjennom fareidentifikasjonen og sårbarheitsvurderinga vart det heller ikkje identifisert tiltak som det ut frå samfunnsstryggleiksomsyn er naudsynt å gjennomføre, ut over det som følgjer av planframlegget.

5.2 Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldslova

Naturmangfaldslova femnar om all natur og alle sektorar som forvaltar natur eller som fattar vedtak som kan ha konsekvensar for natur. Gjennom lova er det, bl.a. innført forvaltningsmål for naturtypar og artar, krav til kunnskapsgrunnlag og rettslege prinsipp for natur (føre-var, samla belastning m.m.).

Formålsparagrafen (§ 1) i lova har følgjande ordlyd:

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

Det går fram av § 8. fyrste leidd i naturmangfaldslova at vedtak som rører naturmangfaldet skal bygge på vitenskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand, samt effekten av påverknad.

Det er ikkje registrert nye vesentlege kvalitetar knytt il biologisk mangfald, ut over dei som var kjende ved utarbeiding av områdereguleringsplanen med tilhøyrande konsekvensutgreiing som opna for tursti/veg langs Jølstra. Tiltaket som femnar om etablering av gang-/sykkelveg er opparbeidd i tidlegare regulert turveg langs Jølstra. Det ligg ikkje føre informasjon om forureining i område der arealbruken er føreslått endra.

Føre-var-prinsippet og kostnader etter §§ 9. og 11. i naturmangfaldslova er vurdert til ikkje å vere aktuelt, sidan verdiar ikkje vert rørt.

Det er ikkje avdekt omsyn gjennom planarbeidet som inneber at det bør stillast krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar etter § 12. i naturmangfaldslova.

Forslagsstillar er Øyrane Eigedom AS. Det er ikkje avklart kven som vert tiltakshavar for tiltaka som planen legg til rette for. Det er lagt til grunn at tiltakshavar tek alle kostnader ved gjennomføring av tiltaket.

5.3 Lokale utviklingsmål nedfelt i kommunale planer

Sunnfjord kommune jobbar både med utvikling av sentrum og areala i utkanten av sentrum. Planen legg til rette for betre framkome og auka tilrettelegging for mjuke trafikantar i eit område som kommunen ynskjer tendra i retning av meir teknologi samtidig som ein på sikt ser for seg at det kan etablerast bustader i området. Området er i dag prega av arealkrevjande næring (industri og bygg/anlegg) samtidig som ein ser starten på ei endring som er i samsvar med føringane i kommuneplanen og områdereguleringsplanen der verksemder knytt til både offentleg og privat tenesteyting/service er i ferd med å etablere seg.

Tiltaket som planframlegget legg til rette for vil tene fleire formål:

- Miljøvenlege transportformer.
- Trafikktrygg og effektiv trafikkavvikling.
- Byggjer opp nærings- og tenestetilbodet på Ytre Øyrane.

Utviklinga vil vere med å bygge opp om mål i kommuneplan og konkrete utviklingsmål for den vidare utviklinga på Ytre Øyrane i samsvar med mål og føringar i vedteken områdereguleringsplan.

5.4 Økonomiske konsekvensar

Vedteken områdereguleringsplan for Ytre Øyrane femnar om store areal og ei rekkje infrastrukturtiltak som skal vere sikra opparbeid. Områdereguleringsplanen stiller som krav at rekkjefølgjekrava skal innarbeidast i detaljreguleringsplanar med mål om å sikre at tiltaka vert gjennomført. Mellom anna gjeld opparbeidingsplikta vegane SKV1-SKV5 med fortau/sykkelveg. Det er for byggetomtene i områdereguleringsplanen knytt rekkefølgjeføresegner til samferdsleanlegga. Dei ivaretek omsynet til gjennomføring.

6 Merknadar til varsel om oppstart

Oppstart av planarbeidet er kunngjort i lokalavisa Firda. I tillegg vart grunneigarar og offentlege etatar direkte tilskrivne i brev av 24. april 2023. Frist for å sette merknadar var sett til 10. juni 2023.

Det er gjennomført ein ordinær planprosess som femnar om varsel om oppstart av planarbeidet og oppstartsmøte med kommunen.

Merknad	Innhald	Kommentar
Statsforvaltaren i Vestland (SFV)	Det vert synt til ei rekke tema som gjer seg gjeldande for planarbeidet; - medverknad særleg frå born og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging - samfunnstryggleik; krav om utarbeiding av ROS-analyse, teknisk forskrift, risikoreduserande tiltak og bruk av omsynssoner - omsynet til naturmangfald og vassdrag. Statsforvaltaren viser til planlagt plassering av gang- og sykkelvegen svært tett opp til vassdraget. Fjerning av kantvegetasjon kan ha negative konsekvensar for vassdraget og vassdragsnaturen og er i strid med målsettinga om restaurering av 15 prosent av vassdragsnaturen innan 2030. Kantvegetasjon er viktig natur med mange funksjonar og har difor eit særskilt vern. Viser til moglege grunnar for dispensasjon frå vernet. Statsforvaltaren oppmodar kommunen til å vurdere å endre gang- og sykkelvegen slik at tiltaket ikkje gjev indirekte inngrep i vassdraget, vurdere dei andre alternativa, eller sjå nærmare på kompensierende tiltak. Det er registrert truga og sårbare fugleartar i nærleiken av planlagd gang- og sykkelveg. Hogst av kantvegetasjon kan forstyrre fuglelivet og vegetasjonen langs Jølstra kan vere funksjonsområde for enkelte av artane. Statsforvaltaren rår til å vurdere alternativ 2 for gang- og sykkelvegen slik at dei attverande naturkvalitetane langs vassdraget vert tekne i vare.	Uttala er knytt til dei temaa som Statsforvaltaren ser på som aktuelle for planarbeidet. Merknaden er følgt opp med vurderingar i planomtala. Planen regulerer allereie etablert tursti langs vegen og elva Jølstra. Tiltaket som planen legg til rette for inneber ikkje at det må gjerast tiltak i vassdraget eller i kantvegetasjonen langs vassdraget. Heile kantsona mot elva Jølstra er frå før av prega av plastringstiltak som del av eit utført erosjonssikringstiltak. Gjennom endringane som planen legg til rette for sikrar ein at ein kan ta vare på meir av skogen/trea som har funksjon som ein buffer mellom vegen og elva Jølstra. Gang- og sykkelvegen er lagt i linja til den regulerte turvegen som vart regulert i områdereuleringsplan for Ytre øyrane. Planen legg ikkje opp til hogst i kantvegetasjonen mot elva. Alternativa er vurdert i moglegheitsstudia som var grunnlag for planarbeidet.

Vestland fylkeskommune (VFK)	Er positive til oppstart av planarbeidet som vil betre tilgang for mjuke trafikantar i området. Store delar av planområdet ned mot Jølstra er sett av til grønstruktur i områdeplan for Ytre Øyrane. VFK føreset at dette vert vidareført i detaljreguleringa. Retningslinene i Regionale vassforvaltningsplan sine retningsliner seier at grøne drag og restareal langs vassdrag som hovudregel skal takast vare på for å ivareta verdifulle kvalitetar knytt til vasskvalitet, biologisk mangfald, landskapsøkologiske korridorar og landskapselement. VFK har i dag ikkje kunnskap om automatisk freda kulturminne i tiltaksområdet. Viser til plikt om varsemd og ev. varsling dersom ein under arbeide skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr. § 8, 2. leidd i Lov om kulturminne.	Områda mot Jølstra som ikkje er del av gang- og sykkelvegen er føresett regulert til grønstruktur. Vassforvaltninga er ivareteke iht. føringar i kommunal norm.
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Generell omtale av NVE sine oppgåver og sektorinteresser. Vidare er det gjeve råd om bruk av NVE sine rettleiarar, verktøy og kompetanse.	Merknaden er teke til følgje. Planomtala inneheld skildringar av dei vurderingane som er gjort knytt opp mot NVE sine oppgåver og sektorinteresser samt informasjon om korleis omsyna er søkt ivareteke gjennom planarbeidet.
Statens vegvesen (SVV)	SVV er positive til planoppstarten då denne på sikt vil føre til betra tilhøve for mjuke trafikantar. Nytt anlegg for mjuke trafikantar må leggest utanfor areal regulert til køyreveg i dagens plan. Viser til varsel om oppstart for tiltak 20 i Førdepakken og oppmodar om dialog og koordinering av tiltaka. Ved berekning av siktsoner må det takast omsyn til at mange større køyretøy har vesentleg større blindsoner enn personbilar. SVV legg til grunn at drøftingar og avklaringar vert gjort med rett styresmakt før utlegging på off. ettersyn. Fråvik må komme tydeleg fram av planomtala og søknadar vere avklara før utlegging. SVV legg til grunn at planen vil innehalde rekkefølgjekrav som sikrar at tiltak knytt til trafikktryggleik, framkome mm. vert	Teke til følgje. Dialog med Førdepakken er oppretta og planane er samordna/koordinerte. N100 er lagt til grunn ved utforming av samferdsleanlegga i området. Krav til utforming/løysing har vore drøfta i møte med kommunen. Rekkefølgjeføresegnene er knytt til byggetomtene. Det er vist til gjeldande føresegnar i vedtekne planar for

	gjennomført i samband med regulert utbygging. Viser til generelle krav til planarbeidet med oppstilling av tema som må greiast ut og kome tydeleg fram av planomtala, konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalysen. For utfyllande informasjon om utgreiingskrava vert det vist til handbok V744. Gang- og sykkelvegen grensar til SVV sitt veganlegg Rv. 5. SVV ber om å få tilsendt vegteikningar for Rv. 5/kryss for gjennomgang før planframlegget vert lagt ut til off. ettersyn. Før andre enn SVV kan utbetre/bygge ut riksvegstrekingar må gjennomføringsavtale vere inngått. SVV presiserer at uttala ikkje er uttømmende og at det vil kunne komme ytterlegare innspel og merknadar.	utbygging av byggetomtene. Områdenamn og nummer er vidareført i denne planen for å unngå mistydingar. Arealbruken inn mot og for Rv. 5 er direkte vidareført frå vedteken områdereguleringsplan, med ei breidding av gang-/sykkelvegen nord for veg øyrane, for å trygge ein einsarta standard. Endeleg løysing vil verte avklara gjennom reguleringsplanen for tiltak 20 i Førdepakken. Vegteikningar for Rv. 5 er ikkje oversendt til Statens vegvesen. Årsaka er at arealbruken inn mot/på Rv. 5 ikkje er endra.
Førdepakken	Viser til at det er varsla oppstart av utarbeiding av detaljreguleringsplan for tiltak 20 i Førdepakken mellom Rv. 5 og Fv. 909 Steinavegen. Planframlegget har ikkje vore på høyring/lagt fram for handsaming. Det er utarbeidd eit forprosjekt for tiltak 20 som viser lite handlingsrom både i plan og høgde. Viser til at veg Øyrane bør ha anlegg for mjuke trafikantar på nord- og sørsida frå Rv. 5 fram til planlagt bru over til Halbrendsøyra (ca. 180 meter). Vegarmen frå Ytre Øyrane inn i rundkøyringa på Rv. 5 skal ha to felt i innfarten frå vest.	Det er i merknaden frå Førdepakken gjeve nyttig informasjon om tiltak 20. Etter mottak av merknaden blei det avhalde eit koordinerings-/samordningsmøte med Førdepakken. Veg Øyrane er fram til tiltak 20 føresett etablert med anlegg for mjuke trafikantar både på nord og sørsida av vegen. Planen for tiltak 20 vil erstatte delar av planen for veg Øyrane inkl. anlegg for gåande og syklande. Teke til følgje.
Ripe Eiendom AS v/Håvard Ripe	Understreker saka sitt alvor for dagens og framtidig drift av eigedomen som firmaet eig. Tap av 20 parkeringsplassar vil vere dramatisk for grunneigar og leigetakarar. Det vil òg auke presset i eit område som frå før av er problematisk. Innsendar ynskjer ei ordentleg utgreiing før endeleg val av løysing for eigedomen vert fatta. Ber om tettare dialog og ynskjer tilbakemelding knytt til framdrift.	Planframlegget er ei vidareføring av regulert løysing i områdeplanen for Indre Øyrane. Vedtak av planen for tiltak 20 i Førdepakken vil erstatte planen for delar av veg Øyrane mellom planlagt bru og Rv. 5. Planen vidarefører arealbruken i områdereguleringsplan for Indre Øyrane forbi eigedommen.
Frank Hjelmeland Bygg & Eigedom AS	Viser til krav om etablering av gang- og sykkelveg frå Rv. 5 til Skaparhuset og	

v/Advokat Erik Slotterøy	etablert «midlertidig» gang- og sykkelveg (gs-veg). Vegen er beskrive med eit relativt permanent uttrykk. Gnr. 21, bnr. 319 har allereie avstått areal til den midlertidige gs-vegen og det er etablert ein solid forankring/mur innanfor eigedomen. Foreløpige planskisser vert forstått slik at den regulerte gs-vegen skal trekkast ytterlegare mot sør og dermed beslaglegge ein enda større del av gbnr. 21/319. Viser til utsnitt av skisse C-02. Eigaren av eigedomen kan vanskeleg sjå at det skal vere naudsynt at dagens trasé må flyttast og understrekar at det ikkje er ynskeleg å avstå meir areal enn naudsynt og at det ikkje er naturleg at ein eigedom aleine skal bere alle ulempene. Grunneigar er positiv til at den midlertidige løysinga vert permanent, men motset seg å skulle avstå meir areal enn det som allereie er avstått. At tiltaket tilpassar seg innspelet frå grunneigar, vert ikkje vurdert til å vere til hinder for omsynet til planen – trygg tilkomst for gåande og syklande til/frå Ytre Øyrane. Dersom utforming eller breidde gjer det naudsynt å justere vegarealet til vegen Øyrane, vert det bede om at vegen trekkast mot nord. Innsendar viser til positiv omtale av redusert arealinngrep på nordsida av veg Øyrane og ber om at planarbeidet ser vekk frå dette argumentet, då vernet om areal på nordsida ikkje er større enn på sørsida. Ber om at gs-vegen ikkje vert justert lengre sør enn det som allereie er tilfellet med den etablerte gang- og sykkelvegen.	Planlagt tiltak er søkt tilpassa den midlertidige etablerte løysinga langs eigedomen, og er etter dialog med grunneigar avgrensa til det arealet som allereie er avstått. Det har undervegs i planarbeidet vore dialog mellom forslagsstillar og eigaren av eigedom gbnr. 21/319 med mål om å finne ei akseptabel løysing. Omsynet er føresett ivareteke. Gang- og sykkelvegen er ikkje trekt lengre sør enn den allereie etablerte gang- og sykkelvegen. Merknaden er føresett ivareteke gjennom dialog om framlegg til løysing.
Robin Gunnar Kirkhorn	Gangvegen bør forlengast sørover dei ca. 400 meter det er til bohusbygget.	Planområdet er avgrensa til løysing for mjuke trafikantar langs veg Øyrane. Merknaden vert ikkje teke til følge.